

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 26. mai 2023

Stad: Flå kommune, kommunestyresalen

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Hanne Haatuft	Hol kommune
Herbrand Jegleim	Gol kommune
Tore Haraldset	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Hege Mørk	Gol kommune
Anders Halland	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune

Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Tonje Kristensen, Fylkesråd for kultur og mangfald
Bjørn Siem Knudsen, adm
Iselin Haugo Stavn (H)
Magnus Weggesrud (Sp)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Maria Grevsgård, prosjektleiar Sats på Hallingdal
Jorun Utne, Regionalutviklar
Anita Elen Smette, Klimakoordinator

Forfall

Stephan Gundersen Hemsedal kommune

SAK 29/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 31. MARS 2023**Vedtak:**

Protokollen 30.-31. mars 2023 er godkjent.

SAK 30/23 DIALOG MED DESTINASJONSSELSKAPA I HALLINGDAL

Lars Wraae Jensen orienterte om Tråkk`n roll

Agnete Sataslåtten orienterte om berekraftig reisemål med vekt på remerking, sjå lenke:

Vedtak:

1. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe der kommunane, destinasjonselskapa, regionrådet og ev Sparebankstiftelsen Hallingdal Valdres er med. Dagleg leiar kallar inn til første møte og oppgåva til arbeidsgruppa er å finne svar på følgande:
 - Rolleavklaring og ansvarsfordeling mellom partane
 - Korleis skal merkingsordninga organiserast og korleis skal Hallingdal jobbe med dette
 - Korleis skal ordninga finansierast
 - Kor stor ressurs er det behov for lokalt og kor mykje skal vera regionalt
2. Saka kjem attende til Regionrådet i septembermøte

SAK 31/23 BEREKRAFTSLØFTET VIKEN V/LINDA DALENE BJERKE

Linda Dalene Bjerke orienterte om «Bærekraftsløft Viken» Sjå vedlegg.

Vedtak:

1. Regionrådet tar orienteringa om «Bærekraftsløft Viken» til orientering
2. Den enkelte kommune tek stilling til om dei ønskjer å delta.
3. Regionrådet gjer ei vurdering på om ein kan hente ut nokre gevinstar ved at klimakoordinator i samråd med kommunane i Hallingdal jobbar regionalt med dette.

SAK 32/23 ADMINISTRATIV STILLING SAMFERDSEL**Vedtak:**

1. Regionrådet vil fram mot NTP behandlinga våren 2024 jobbe aktivt med samferdsel i allereie eksisterande fora og utval. Det kan leigast inn eksterne ressursar.
2. Regionrådet vil vurderer å opprette ei eiga samferdselstilling som skal jobbe målretta med strategi og kommunikasjon framover. Dette må innarbeidast i budsjettet for 2024.

SAK 33/23 SPONSORMIDLAR 2023**Vedtak:**

1. Regionrådet løyver sponsormidlane slik:
 - Kr. 30 000 til folkedansopplæring i regi av Hugnad UL
 - Kr. 65 000 til folkemusikkopplæring i regi av Hugnad UL
 - Kr. 20000 til Fylkesleir 4H Nesbyen
 - Kr. 75 000 til Skjærgårds Live Ål – skuleavslutning for alle 10. klassingar i dalen
 - Kr. 10 000 til dialektleir i Hemsedal
2. Det skal haldast årleg evalueringssmøte av ordninga, mellom Regionrådet for Hallingdal og Vidju, som regionrådet tek initiativet til. Om ordninga skal vidareførast må den annonserast.
3. Eigarane i Vidju ber styret auke potten til kr 500 000 i 2023.

SAK 34/23 UNGDOMMENS HALLINGTING**Vedtak:**

1. Regionrådet for Hallingdal ber administrasjonen i Regionrådet i samråd med HUR planlegge og arrangere Ungdommens Hallingting annankvart år. Fyrste gong hausten 2023.
2. Deltaking inkl. overnatting på Ungdommens Hallingting blir søkt dekket av den enkelte kommune, mens andre kostnader blir dekket av Regionrådet.

SAK 35/23 ULIKE SAMARBEIDSTILTAK I HALLINGDAL

Regionrådet fekk ei oppdatering på status i nokre av samarbeidstiltaka som det har vore jobba med i det siste.

- **PPT i Hallingdal** Hol kommune går inn i Nedre Hallingdal PPT frå 1/1 2024
- **Storlegevakt** Det er sendt mandat frå KRU til HOF
- **NAV** Avklart i KRU
- **Hallingdal renovasjon** Strategisamling fyrstkommande tysdag
- **Demensomsorga og resursskrevande brukarar** - Oppdrag frå Hallingting til KRU. Dette blir det jobba med i helseleiarforum (HOF) Dei ventar oppdaterte tal 1. juni
- **Fylkessenter** - Kommunane må snarast vurdere om det finnes egna areal i sin kommune. Hallingdal må bli einige om lokalisering av eit ev fylkessentersenter.
- **Vidju - Ringerike** Prosess vidare i kommunane
- **Ung psykiatri** Blir jobba med i KRU, og mot nasjonale styresmakter

SAK 36/23 NYTT FRÅ VIKEN

Tonje Kristensen, Fylkesråd for kultur og mangfald orienterte. Sjå vedlegg

SAK 37/23 EVENTUELT**Hallingdalskonferansen 2023**

Blir arrangert 28. august. Påmelding er opna på denne lenka: [Hjem - Hallingdalskonferansen](#)

Rullering av veteranplanen

Me startar no opp med rullering av veteranplanen for Hallingdal. Me inviterer kommunane og veteranforeninga i Hallingdal (NVIO) til å koma med innspel, endringar og forbetringar.

Ny leiar NHO Oslo og Viken

Vegar Einan, ny leiar for NHO Oslo og Viken skal på kjentmannstur i Hallingdal 31. mai og 1. juni. NHO vil invitere ordførarane til å møte i sin kommune om det passar, samt middag på Vestlia den 31. mai. Reiseruta ser slik ut:

Bjørneparken Flå, 31. mai 11-1230

Topcamp Hallingdal 31. mai 14-1530

Vestlia Resort Geilo 31. mai 19-2230 (inkl middag)

VINN Gol 1. juni 10-1100

Hallingdal bilsenter Gol 1. juni 1115-1215

DEFA Nesbyen 1. juni 1330-1500

NTP behandling i Viken**Vedtak:**

Regionrådet ber dagleg leiar utarbeide eit notat der ein spissar høyringssvaret frå Regionrådet som er sendt til Viken tidlegare. Notatet blir sendt frå rådsordførar til alle medlemmer i komité for samferdsel før 1. juni. I tillegg tek ordførarane ein runde med sine partifeller i komiteen.

SAK 38/23**Vedtak:**

Regionrådet vedtek at forprosjektperioden for Campus Hallingdal blir forlenga til 31.12.2023.

Hallingdal 31. mai 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar